

PROSJEKTPLAN



KOMPETANSE ENERGI RYFYLKE

GODKJEND AV STYRINGSGRUPPA 25. NOVEMBER 2010



Vilje
gir vekst

Innhald

1. BAKGRUNN	3
2. FØREMÅL OG VISJON	4
3. PROSJEKTRAMER	5
4. MÅLSETTINGAR	6
5. STRATEGI	7
6. ORGANISERING	8
7. KRITISKE FAKTORAR	9
8. MILEPÆLAR	11
9. ØKONOMI	12

Bilde s. 1, 4, 6, 10, 11
Fylkesmannen i Rogaland

1. Bakgrunn

”Samtidig som samfunnet står overfor store utfordringer knyttet til utslipp av klimagasser øker behovet for energi. Det er viktig at den økte etterspørselen i fremtiden erstattes av mer miljøvennlig kraftproduksjon. Dette kan gi forretningsmessige muligheter for næringslivet i energifylket Rogaland, og det gir parallelt store oppgaver for forskning og kompetansemiljøene i fylket.

For Rogaland er det en utfordring å posisjonere seg som energifylke også innen fornybar energi og dokumentere en seriøs innsats på klimaområdet. For bevisstgjøring av befolkningen og omverdenen, er det viktig å informere i det offentlige rom hvor og hvordan fornybar energi fra regionen benyttes. Det kan stimulere til økt interesse fra studenter, industrielle aktører og i befolkningen generelt.” (Regionalplan for energi og klima i Rogaland)

Fylkestinget 16.02.2010. Utdrag fra vedtak i sak 004/10
Regionalplan for energi og klima i Rogaland

- .c Rogaland fylkeskommune vil vurdere å få igangsatt driftsingeniørutdanning som fagskole-/universitetsutdanning knyttet til bioenergianleggene.
- .d Det bes om egen sak med vurdering om oppbygging av eget nasjonalt kompetansesenter for bioenergi i Rogaland.



2. Føremål og visjon

*I landbruket er det avgjerande å utvikle kunnskap
for å skape balanse
mellom forbruk av energi ved livsviktig produksjon av mat
- og utslepp til miljøet*



Kunnskap skal smake

3. Prosjektramer

Utdrag frå: Tilsagn om RUP-midler, 06.04.2010 prosjektnr. 0282/10,
Kompetanse Energi Ryfylke

”Vilkår

Prosjektet må gjennomføres i samsvar med den spissing av søknad som ble omforent under møte 12. mars. Av det følger at det i hovudsak legges vekt på å få opp å stå, kompetanse enhet for bioenergi og utvikling av utdanningsløp på fagskolenivå (tertiærnivå) for fagfeltet. En eventuell endring må søkes godkjent av Rogaland fylkeskommune. Dersom planene endres uten forutgående godkjenning kan tilsagnet falle bort og eventuelle utbetalte midler kan kreves tilbakebetalt.”

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga
Kompetanse Energi Ryfylke – utdanningsløp for bioenergi
Utdrag frå brev dagsett 16.04. 2010

”Vi snakkar her om grøn bioenergi basert på landbruket sine ressursar – det vere skog-/trebasert eller basert på husdyrgjødsel/organisk avfall. Vi meiner at satsing på denne form for energi er ein viktig strategi for å oppetthalde og styrke husdyr- og veksthusfylket Rogaland. Nokre av dei mest sentrale stikkorda er reduksjon av klimagassar, bruk av meir fornybar energi i matproduksjonen og bruk av bioest i retning av meir miljømessig berekraftig landbruk. Til dette treng Rogaland formell kompetanse og vi vonar at prosjektet bidrar til at det blir etablert eit nytt fagskuletilbod på Strand vidaregåande skule. Vi reknar med at det også blir initiert kompetansetiltak som ikkje berre kan/skal bakast inn i ei fagutdanning, men som også kan stå på eigne bein(t.d. modulbaserte kurs).

Og som konkludert på møte 12.mars i år, må det vere tilstrekkeleg at prosjektperioden blir avgrensa til 2 år.”

4. Målsettingar

Resultatmål:

Kome i møte kompetansebehov i næringslivet for forming av innhald i eit utdanningsløp på fagskolenivå

Hente inn NOKUT-godkjenning for organisering og tilrettelegging av slik utdanning

Prøve ut godkjent utdanningsløp skoleåret 2012/2013

Sette i verk andre kompetansetiltak som kurs eller fagmodular retta mot regionalt næringsliv.

Utvikle og bidra til å spreie kompetanse om grøn energi ved tilrettelegging av kurs for lærarar i vidaregåande skule

Utvikle konsept for eit eige nasjonalt kompetansesenter for bioenergi i Rogaland.



5. Strategi

For å søke å realisere intensjonane i fylkestingsvedtak av 16.02 sak 0004/10, er eit rådgivarlag med uformell tilknytning til prosjektet etablert som nettverk.

Rådgivarlaget har slik samansetnad:

Anne Grete Rostad Fylkesmannen

Kristin Sæverud Brekke Innovasjon Norge

Camilla Løvås Stavnes RFK - regionalutv.

Torger Gjefsen Bioforsk

Torleiv Bilstad UIS

Framdrift i nettverkssamarbeid

- Halde kontakt med fag og administrative miljø for oppdatering og påfyll
- Tilpasse og koordinere eigen innsats med anna utviklingsarbeid
- Resultatorientere arbeidet
- Tilpasse utdanning til etterspurt behov
- Plassere prosjektet i ein kontekst
- Tiltre arenaprogrammet ved Arenaprojekt Biogass
- Etablere rom for å skape meir

Samarbeidspartar

Representantar for følgjande institusjonar deltek formelt eller uformelt i nettverket kring prosjektet Kompetanse Energi Ryfylke:

Innovasjon Norge

Universitetet i Stavanger

Bioforsk Vest

Fylkesmannen i Rogaland

Rogaland fylkeskommune

6. Organisering

Prosjekteigar:	Ryfylke IKS
Prosjektansvarleg:	Rektor Strand vgs. Erik Danielsen
Dagleg drift:	Prosjektleder Hans Høyen Solberg

Styringsgruppa rapporterer jamnleg til prosjekteigar og halvårleg til Fylkesmannen og Rogaland fylkeskommune v/Regionalt utviklingsprogram.

Formell oppstart av prosjektet med etablering av ein organisasjon fann stad i lokala til Ryfylke IKS på Hjelmeland onsdag 8. september 2010.

Dei følgjande vart valde inn i styringsgruppa:

Erik Danielsen	Strand vidaregåande skole	Leiar
Geir Skadberg	Fylkesmannen i Rogaland	Medlem
Randi Hummervoll	Rogaland fylkeskommune	Medlem
Inge Håvard Aarskog	Ryfylke IKS	Medlem
Espen Thompson	Sauda vidaregåande skule	Medlem

Styringsgruppa er det vedtaksføre organet i prosjektet med tillagt ansvar for økonomi, engasjert personale, oppfølging av prosjektplan med resultat. Prosjektleder er sakshandsamar og sekretær for styringsgruppa.



7. Kritiske faktorar

Utdrag frå Regionalplan for landbruk i Rogaland:

”Dei volumbaserte jordbruksproduksjonane i Rogaland står sterkt og har eit omfang av nasjonal betydning. Målet må vere at fylket skal ha denne posisjonen også i framtida. Hovudstikkorda er *utvikling* og *omstilling* – ord som rommar både moglegheiter og aktiv handling og som set krav til at næringa heile tida må vere på offensiven. Og oppi alt dette - den viktigaste føresetnaden for å nå målet – er at det er tilstrekkeleg med bønder som vil satse. (s. 26)

Med omsyn til rekruttering av nye bønder er yrkets attraktivitet ein sentral faktor. Dersom eit yrke blir oppfatta som lite attraktivt, kan vi ikkje vente tilstrøyming til yrket. Bondeyrket blir ikkje alltid oppfatta som attraktivt, og det blir mellom anna peika på dårleg lønsemd, låg status og lite fritid. (s. 55)

Kompetanse knytt til landbruk er todelt. Den eine forma gjeld formell utdanning eller ”skulekompetanse”, medan den andre handlar om realkompetanse blant bønder, fag- og produksjonsmiljø osv. Når det gjeld ”skulekompetanse”, er det fleire institusjonar i fylket med eit godt tilpassa utdanningstilbod på agronomnivå innan jordbruk. Likevel går talet på elevar som søker til desse skulane ned, spesielt innan tradisjonelle fag. For å gjera landbruksutdanning meir attraktiv for ungdom, kan utdanningstilbodet i større grad tilpassast lokale og regionale behov ved å utnytta fleksibiliteten som finst i læreplanane. Rogaland manglar tilbod om utdanning innan skogbruk. Dei som ynskjer å utdanna seg innan dette området, må reise til andre fylke.

I landbruket er det ikkje noko formelt krav til kompetanse. For å heva kunnskapsnivået blant dei sjølvstendig, næringsdrivande bøndene, bør den eksisterande yrkesutdanninga (agronomutdanninga) stimulerast, og i tillegg bør det utviklast tilbod på fagskulenivå. Vidare finst det ikkje fagbrev i landbruket. Eit slikt tilbod bør utviklast som formelt bevis på bestått fagprøve for å styrkje deira kompetanse. Det er og aktuelt å utvikle eit tilbod om å ta meisterbrev for sjølvstendig næringsdrivande bønder. (s. 57)

Utfordringar knytt til miljøet vil påverke landbruket i tida som kjem. Det er blant anna viktig å få innsikt i korleis gjødsling kan handterast på ein meir berekraftig måte. Det er også viktig å sjå på korleis utslepp av næringsstoff kan reduserast utan at sjølve landbruksproduksjonen redusert i særleg grad. Det er blant anna desse motstridande måla som gjer at det trengs forsking på nettopp dette miljøfeltet.” (s. 22)

Kompetansestigen

Utdanning i landbruksfag har få søkarar på alle nivå i utdanningsløpet og høgt kvalifiserte (forskarar) er mangelvare. Antal studentar på høgskole og universitetsnivå er urovekkande lågt både innan husdyr og plantefag.

I framtida vil bonden møte endå tøffare krav til volum i ulike produksjonar og med det krav til kompetanse innan ei rekke fagfelt for god omstillingsevne:

- administrasjon og økonomi
- driftsleiing med personalansvar
- entreprenørkunnskap
- husdyr og planter
- bygg og vedlikehald
- agronomi og økologi
- it
- byggeleiing
- HMS og sertifiseringar

Framtidige bønder må i aukande grad meistre administrativt arbeid og evne å leie ei verksemd.

Det er ei stor utfordring å få næringa sjølv, bransjeorganisasjonane, salsverksemdene, offentleg forvaltning med rettleiings og tilsynssystem og offentlege utdanning til å gå saman om å meisle ut ny, felles veg for bygging av naudsynt kompetanse for bønder.



8. Milepælar

Ideane og så langt utvikla system kring konseptet Skreddarsydd Utdanning (www.skreddarsyddutdanning.no) skal vere førande ved forming og tilrettelegging av utdanning på fagskolenivå i regi av KER-prosjektet.

Fagskolen Rogaland skal vere tilknytingspunkt for institusjonen fagskolen som utdanningsveg ved forming av nytt utdanningstilbod initiert av KER-prosjektet.

Tiltak	2010		2011				2012			
	3. kv.	4. kv.	1. kv.	2. kv.	3. kv.	4. kv.	1. kv.	2. kv.	3. kv.	4. kv.
Etablere organisasjon	08.sep									
Tiltredingserklæring Arenaprojekt		20.des								
Gjere prosjektet kjent			10.feb							
Kartlegge kompetansebehov i næringslivet			31.mar							
Utvikle kurs for lærarar i vidaregåande skular				30.jun						
Kompetansetiltak for regionalt næringsliv				30.jun						
Sende læreplan for fagskole til NOKUT - godkjenning					15.sep					
Gjennomføre kurs for lærarar i vidaregåande skule						31.des				
Gjere prosjektet kjent i relevante fag og interesse miljø						31.des				
Presentere konsept for nasjonalt senter for bioenergi								31.mar		
Oppstart forsøkskull fagskole									01.sep	



9. Økonomi

BUDSJETT

KOMPETANSE ENERGI RYFYLKE 2010

Prosjektansvarlig: Erik Danielsen
Prosjektleder: Hans Hysten Solberg

Kostnader

Konto	2010	2011	2012	Total
10100 Løn	125 000	300 000	175 000	600 000
10901 KLP - pensjonspremie	15 625	37 500	21 875	75 000
Feriepenger	17 625	42 300	24 675	84 600
10990 Arbeidsgivaravgift	17 115	41 076	23 961	82 152
Personalkostnader	175 365	420 876	245 511	841 752
11151 Møtekostnader	6 000	12 000	6 000	24 000
11200 Forbruksmateriell	3 000	6 000	4 000	13 000
11202 Leige lokale	7 500	18 000	10 500	36 000
11300 Telefon/teleutgifter	3 000	6 000	4 000	13 000
11500 Kurs	7 500	30 000	22 500	60 000
11600 Reiseutgifter	22 500	49 500	31 500	103 500
Andre kostnader	49 500	121 500	78 500	249 500
Sum kostnader	224 865	542 376	324 011	1 091 252

Finansiering

Bidragstyper	Kilde	Årleg	Total
RFK - Fylkesmannen	Rup-midler	300 000	600 000
Ryfylkefondet		300 000	600 000
Udisponert			108 748
Sum		-	1 091 252